

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 20. april 2010 kl. 1610  
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjørde

Elles til stades: Per Berge, Hildegunn Brune, Kari Johansen og Arne Ola Stavseng  
= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Frå Stranda Kommune møte rådmann Ann Kristin Langeland og økonomisjef Lars Birger Stige.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 06/10  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 25. februar 2010 blir godkjent.

**SAK 07/10  
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – FORPROSJEKT OM LÅNEGJELD OPP I MOT  
BEREKRAFT OG TENESTEPRODUKSJON**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.04.2010.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling over for kommunestyret:**

1. Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.
2. Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftekompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.
3. Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.

**Kontrollutvalet gjorde vidare følgjande samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:

- Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat
- Kommunale føretak – konsernrisiko
- Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle egedelar
- Sjølvfinansierande gjeld
- Konsekvensar av renteendringar
- Finansreglement

Justeringar av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Per Berge  
medlem  
(sign.)

Arne Ola Stavseng  
medlem  
(sign.)

Hildegunn Brune  
medlem  
(sign.)

Kari Johansen  
medlem  
(sign.)